

# Vegetasjon og beite i Oppdal østfjell



skog +  
landskap

Yngve Rekdal og Michael Angeloff

**Oppdal østfjell har i lange tider vore kjent for ein rik fjellflora dit botanikarar har valfarta. Næringsrik berggrunn er viktigaste årsak til det store artsmangfaldet her. Berggrunnen skapar også grunnlag for eit uvanleg godt beite for husdyr og rein – noko av det beste fjellbeitet som finst i Sør-Noreg.**

Oppdal østfjell er den nordvestlege delen av det store fjellpartiet mellom Drivdalen i vest, Kvikne i aust, Folldalen i sør og Oppdalsbygda i nord. Norsk institutt for skog og landskap har vegetasjonskartlagt dette området, i alt 727 km<sup>2</sup>. Det er framstilt vegetasjonskart og avleia temakart for sauebeite og storfebeite. Arbeidet er utført på oppdrag frå Oppdal kommune.

## Naturtilhøve

Oppdal østfjell er eit fjellparti med sør-nordgåande dalar og fjellformasjonar. Godt runda fjell eller høer når mange opp til kring 1600 moh. Fjella stig stadvis bratt opp frå dalane, andre stader er det slake hellingar i veksling med vide flyer. Botnar og kvelv ligg inn mot dei høgaste fjella. Det meste av kartlagt areal (83%) er snaufjell. Noko areal i Drivdalen og Vinstradalen, og etter dalgangen i bygda i nord, ligg under skoggrensa som går 900-1000 moh. i nord, men stig til jamt 1100 moh. oppover Drivdalen. 75% av arealet ligg 1000-1400 moh.



Sau ved Bekkelægret (Foto Y. Rekdal).

Berggrunnen i området består mest av fyllitt og glimmerskifer. Dette er bergartar som gjev god tilgang på næring for plantevokster. Utslag i plantedekket får ein likevel først og fremst der det er god vassforsyning. Lausmassar har varierende dekning. I alle dalføre og lesider er det godt lausemassedekke, mest morene. Over høgdedrag er dekket tynt, men bart fjell stikk sjeldan fram. Parti med avsmeltingsmorene og breelv-/bresjøavsetningar finst. Området har innlandsklima med låg vintertemperatur og høg sommartemperatur i høve til høgda over havet. Nedbøren er låg med kring 500-600 mm i årsnedbør.

## Vegetasjon

Over skoggrensa finn vi typisk lågfjellsvegetasjon med dominans av vegetasjonstypen rishei som utgjer 29 % av snaufjellsarealet. Risheia, med dvergbjørk, blåbær, smyle og krekling, inntek heiareal som ikkje er for eksponerte. Lavhei rår på rabbar og andre eksponerte veksestader med 20 % av arealet. På rabbane er det også høgt innslag av den kalkkrevande vegetasjonstypen reinrosehei (6 %). Grunne grasmyrer, oftast av rik eller ekstremrik utforming, dekkjer 13 % av arealet. Snøleie forekjem i lesider der snøen blir liggande til ut i juli/august. Snøleia er oftast rike engsnøleie eller lågurtenger som utgjer 9 % av fjellarealet. Langs bekkar og i lisider med godt vassig opptrer frodige høgstau-deenger (6 %). Over 1300-1400 moh. tek mellomfjellsvegetasjon over med tørrgrashei, frostmark, mosesnøleie og aukande innslag av blokkmark.




Grasrike lågurtenger er viktige beite for husdyr og rein. (Foto Y. Rekdal).

Under skoggrensa dominerer frodig engbjørkeskog med 23 % av arealet. Det meste av denne skogen ligg i dei bratte lisdene i Drivdalen og Vinstradalen. Dalgangen i nord er dominert av furuskog av blåbærtype i veksling med lav- og lyngrik type opp til barskoggrensa kring 750 moh. Her tek bjørkeutformingar av dei same typane over opp til skoggrensa.

### Beitekvalitet

Av tilgjengeleg utmarksbeiteareal i Oppdal østfjell er 50 % nyttbart beite for sau. Det vil seie at dette er areal der beitedyr kan hente plantemateriale av betydning for tilvekst i frå. 17 % av utmarksbeitearealet er i beste klassen svært godt beite. Reknar ein svært godt beite i prosent av det nyttbare beitearealet utgjer dette 35 %. Dette er svært høge tal til å vera i sørnorsk utmarksbeite der det meste av området er snaufjell.



Beitekart for sau over Oppdal østfjell med inndeling i beitelag.

Oppdal østfjell er eit fjellområde med svært høg beitekvalitet. Noko variasjon finst, men jamt over er det brukande beite i det meste av området. Skogen i dalgangen til sjølve bygda er av det svakaste beitet, medan skogen oppetter Drivdalen og Vinstradalen har svært høg kvalitet. I snaufjellet finst beste beitet i bratte lisdere, kvelv og botnar inn mot dei høgaste fjella. Til dømes kring Stororkelhøa, i sidene frå Kammen til Ivakammen, sidene av fjella frå Sissihøa til Elgsjøtangen, i området Knutshøene-Hemtjønnsjøa, og etter sidene av Vinstradalen og ut mot Drivdalen. Svakaste delen av fjellbeitet finst i meir utflata terreng til dømes ned mot Orkelkroken og frå Orkelsjøen og fram mot bygda. Men også her finst det mykje rikinnslag som gjev godt beite. Over 1300-1400 moh. er det lite att av beitbar vegetasjon, men stadvis er fine flekkar, og på varme dagar utover ettersommar og haust kan ein sjå sau gå i skrinne snøleie og eta det vesle som finst.

Beitet i Oppdal østfjell er best eigna for sau, men i lågareliggende delar er det også gode storfebeite. Som reinbeite har området høg kvalitet til alle årstider.

### Beitekapasitet

Ut frå vegetasjonskartet er det rekna ut eit tilrådd dyretal i Oppdal østfjell på 22 000-26 000 saueiningar. I 2014 vart det sleppt om lag 20 000 sau og 400 storfe. Samla utgjer dette eit beite-trykk kring 22 000 saueiningar. Området skal i tillegg ha plass til 1500 villrein der Oppdal østfjell utgjer om lag halve forvaltingsområdet. Det ein i første rekkje kan seie ut frå desse utrekningane av beitekapasitet er at beitet i Oppdal østfjell ser ut til å vera godt nytta. Dyretallet er så høgt at ein skal vera varsam med å ta inn mange fleire dyr.

Ei stor utfordring er å få til ei jamn utnytting av beitet. Det vil truleg vera område som har for mange dyr i høve til det som er optimalt for tilvekst, og andre med plass til fleire dyr. Skal ein finne meir ut av dette må ein sjå på vektar på dyr som har gått i ulike delar av fjellområdet og avbeitingegrad i vegetasjonen.

Kjelde: Rekdal, Y. og Angeloff, M. 2015. Vegetasjon og beite i Oppdal østfjell. Norsk inst. for skog og landskap, rapport 10/15.

Vegetasjonskart og beitekart er lagt ut på <http://kilden.skogoglandskap.no/map>